

# Trygg og framtidsetta



## Trafikksikringsplan 2016 - 2025

Vedtatt i Time kommunestyre 10.11.2015



Time kommune





# Innhold

Innleiing	4
Ulykkessitasjonen i Rogaland	5
Visjonar, overordna mål og prioriteringar	7
Satsingsområde	9
Handlingsplan	10



# 1. Innleiing

Trafikksikring handlar om å kunna bevega seg trygt i lokalmiljøet sitt, enten ein er fotgjengar, syklist eller bilist – barn, ungdom eller vaksen.

Trafikksikringsplanen for 2016-2025 erstattar gjeldande trafikksikringsplan, og har fokus både på fysiske trafikksikkerheitstiltak og haldningsskapande arbeid.

Arbeid med trafikksikring er forankra i kommuneplanens samfunnsdel. Overordna mål er:

- Førebyggja skadar og ulykker i trafikken ved god planlegging og oppfølging av trafikksikringstiltak
- Vidareutvikla eksisterande og byggja nye gang- og sykkelvegnett i og mellom tettstadane.

Å førebyggja skadar og ulykker i trafikken er eit viktig folkehelseiltak. Som ein del av folkehelsearbeidet har kommunen inngått avtale med Trygg Trafikk/Rogaland Fylkeskommune om å verta ein trafikksikker kommune. Konseptet vert omtala seinare i planen.

Prioritering av tiltak i handlingsplanen vert rullert og behandla årleg i samband med økonomiplanen. Med bakgrunn i kommunen sin trafikksikringsplan og prioriteringar i økonomiplan søker kommunen om støtte til gjennomføring av tiltak via Fylkets trafikksikringsutvalg. Tiltak som vert prioritert vert finansiert med 1/3 kommunale middel og 2/3 fylkeskommunale middel. Dette er ikkje til hinder for at kommunen kan prioritera egne middel til strakstiltak.

Større investeringar som gang- og sykkelvegar på over 1,5 mill fell ikkje lenger inn under trafikksikringsmiddel. Desse må det søkjast særskilt om gjennom ordinære middel.

I arbeidet med ny trafikksikringsplan er det lagt til rette for medverknad frå skule, barnehage og omsorg. Alle skulane og barnehagane, både tilsette og i regi av FAU, er bedne om å koma med innspel på trafikkfarlege situasjonar i og rundt skulane og barnehagane og på skulevegen. Dei fleste innspela er kartfesta og prioriterte. Omsorg har og gjeve innspel til trafikkfarlege situasjonar rundt Bryneheimen og i Sivdamområdet.

Kommunen gjennomførte i 2009 og 2012 Barnetråkkregistreringar. Her har barn på 5. og 9. trinn gjeve innspel til kor dei opplever skulevegen som utrygg. Saman med ulykkesregistrering frå Statens vegvesen på vegane i Time i perioden 2000-2014 har barnetråkkregistreringane gjeve verdifull hjelp i prioritering av tiltak i handlingsplanen.





## 2. Ulykkessituasjonen i Rogaland fylke og Time kommune


I arbeid med ny handlingsplan for trafikksikkerhet for Rogaland 2014 - 2017 er det gjennomført ein ulykkesanalyse.

Oppsummert kan situasjonen omtalast slik:

- Rogaland er blant fylka med færrest drepne og hardt skada i forhold til trafikkbildet  
30 % av alle drepne eller hardt skada vert drepne eller hardt skada på vegar i tettbygd strøk (fartsgrense 50 km/t eller lågare)
- Vegstrekningar med flest hardt skada eller drepne i fylket er E39 og fv.44
- 24 % av alle drepne og hardt skada i Rogaland var fotgjengarar eller syklistar

Nasjonale analyser viser at talet på skada fotgjengarar og syklistar ikkje avtar like raskt som den totale summen. Fotgjengarar og syklistar får derfor ein aukande del av skadeomfanget. Registreringane nedanfor viser at dette også i stor grad er situasjonen i Rogaland.


Tabell over dødsulykker i Rogaland 2004 – 2014



Kjelde: SSB




For Time kommune ser tala slik ut:



Kjelde: SSB

Ulykker etter trafikantgruppe, Time kommune:



Kjelde: Statens vegvesen





## 3. Visjonar, overordna mål og prioriteringar for trafikksikringsarbeidet

### 3.1 Nasjonal transportplan 2014-2023 (NTP)

Regjeringa sitt mål og satsingsområde skal fortsatt byggja på 0-visjonen som seier at:

«det skal ikkje forekoma ulykker med drepne eller hardt skada i trafikken.»

Ambisjonen er at talet på drepne og hardt skada i trafikken skal halverast innan 2024, noko som betyr at det skal maksimalt vera 33 hardt skada og drepne i Rogaland i 2024.

Gåande og syklande har ikkje den same nedgang i ulykkestala som den øvrige trafikken. Statens vegvesen har derfor etablert både ein nasjonal sykkelstrategi og ein gåstrategi. Auka sykling og gåing er positivt både for å avlaste biltrafikken og for betre helse. Samstundes skaper det utfordringar i høve trafikksikring.

### 3.2 Mål og visjon for Rogaland

Handlingsplan for Trafikksikkerhet i Rogaland 2014-2017 har tre satsingsområde:

#### 1. Trafikksikringsarbeidet inn på systemnivå

Målet er at fleire kommunar skal verta trafikksikker kommune, at arbeid med trafikksikring vert ein del av folkehelsearbeidet og integrering av trafikksikring i bedrifter sitt HMS-system

#### 2. Utsette grupper

Rogaland fylke vil prioritera tiltak i forhold til unge bilførarar og motorsyklistar

#### 3. Sykkel-og gåstrategi

Fokus på bruk av «Sykkelgård» i Sandnes der skuleklassar frå Sør-Rogaland kan få undervisning og praktisk trening i sykling. Også fokus på det fysiske miljøet for gåing og sykling for barn på skuleveg.

### 3.3 Mål for trafikksikkerheitsarbeidet i Time kommune

I Time skjer det heldigvis sjeldan dødsulykker eller ulykker med alvorleg skade. Så langt viser statistikken at me har forholdsvis få ulykker. Kommuneplanen slår fast at Time skal vera ein god bu- og oppvekstkommune. Dette betyr mellom anna skulevegar og oppvekstmiljø kor barn og unge trygt kan ferdast til fots eller med sykkel. Kommuneplanen føreslår å arbeida både med fysiske og haldningsskapande tiltak for å redusera skadar og ulykker i trafikken.

Med utgangspunkt i kommunen sin visjon «Trygg og framtidsretta» og den nasjonale 0-visjonen, er det formulert ein overordna målsetting for trafikksikringsarbeidet:

«Det skal ikkje skje dødsulykker eller ulykker med alvorleg personskade på vegane i Time som følgje av manglande trafikksikringstiltak. Alle som ferdast i trafikken skal til ei kvar tid føla seg trygge same kva framkomstmiddel dei brukar.»





### Mål for trafikksikringsarbeidet:

- Innbyggjarane skal føla seg trygge i nærmiljøa sine.
- Vegnettet i kommunen skal vera trafikksikkert utforma.
- Trafikksikringsarbeid skal inngå i heile kommuneorganisasjonen.
- Trafikksikkerheit skal vera ein del av HMS-arbeidet i kommunen.
- Kommunen skal vera ein trafikksikker kommune.
- Kommunen skal vera ein aktiv aktør i regionalt og interkommunalt samarbeid om trafikksikringsspørsmål.
- Kommunen skal leggja til rette for auka bruk av offentleg kommunikasjon for å redusera bilbruken.
- Kommunen skal leggja til rette for at det skal vera enkelt og trygt å flytta seg til fots og på sykkel i Bryne og i tettstadane og mellom tettstadane og Bryne.
- Alle skulebarn skal ha trygg skuleveg slik at dei kan gå eller sykla til skulen.
- Kommunen skal etablera eit samarbeid med andre fagetatar for å sikra at tiltaka er fagleg begrunna





## 4. Satsingsområde

### 4.1 Fysiske trafikksikringstiltak

Innspel til trafikksikringsplanen byggjer på tilbakemeldingar frå skulane, barnehagane og tenesteområda i omsorg via tilsette og foreldrerepresentantar. I tillegg har både barnetråkkregistreringar frå 2009 og 2012 og ulykkesregistrering på vegane i kommunen i perioden 2000-2014 vorte lagt til grunn for utarbeiding og prioritering av tiltak.

Det er utarbeida ein oversikt (vedlegg 1) over alle innspel som er komne inn. Desse er kartfesta og kommentert ut frå om tiltaka er gjennomført eller prioritert gjennomført i pågåande planarbeid. Innspela er kostnadsberekna med tanke på prioriteringar inn i økonomiplanen for 2016-2019. Oversikta viser samanhengen mellom innspel til ny trafikksikringsplan, barnetråkkregistreringar og ulykkeregistrering. Ulykkespunkta i registreringane er stort sett samanfallande. I tillegg er det vist område kor det er mange ulykker og der dette ikkje er kommentert i barnetråkk eller som innspel frå skular og barnehagar. Oversikta viser og prioriterte gang- og sykkelvegane.

### 4.2 Haldningsskapande arbeid

Som ein del av arbeidet med trafikksikringstiltak har kommunen inngått intensjonsavtale med Trygg Trafikk om å verta ein trafikksikker kommune. Ordføraren skreiv under avtalen 5. juni 2014. Som ein del av avtalen har kommunen fått 150 000 kroner som skal brukast til trafikksikringstiltak. Midla kan ikkje brukast til fysiske tiltak. Avtalen forpliktar kommunen på å arbeida for å verta ein trafikksikker kommune som delar av trafikksikringsplanen.

Trygg Trafikk har utarbeida kriterium og sjekklister for ein trafikksikker kommune. Kriteria legg vekt på systematisk og tverrfagleg arbeid for å oppnå eit trygt lokalmiljø. Det er kriterium og sjekklister for rådmann, barnehage, skule, teknisk sektor, HMS-arbeidet og kultur/frivillig sektor. Intensjonen med sjekklistene er først og fremst å visa kva kvar og ein kan gjera med enkle midlar for å fokusera på trafiktryggleiken i kvardagen. Eksempel på kriterium:

- Kommunen har regler for reiser og transport i eigen regi
- Stimulera lag og foreiningar til å innarbeida regler for transport innanfor eiga verksemd
- Arrangera trafikksikringskurs for tilsette i heimetenesta (og andre som brukar bil mykje i tenesta)

Meir informasjon om konseptet trafikksikker kommune finnest på nettsida [www.trafikksikkerkommune.no](http://www.trafikksikkerkommune.no)

Som ein del av arbeidet med trafikksikringsplanen er det gjort ei kartlegging på status når det gjeld oppfylting av kriteria for dei ulike områda. Konklusjonen er at kommunen har mykje på plass allereie, og at det handlar om å få på plass dei siste brikkene.



## 5. Handlingsplan

Føreslåtte tiltak som gjeld fysiske tiltak tar utgangspunkt i vedlegg nr 1. Her er alle innspel til Trafikksikringsplan 2016-2025 lista opp og prioritert.

Når det gjeld haldningsskapande tiltak er det tatt utgangspunkt i kriteria for å verta ein trafikksikker kommune.

Handlingsplanen vert rullert og behandla årleg i samband med økonomiplanen. Med bakgrunn i kommunen sin trafikksikringsplan og prioriteringar i økonomiplan søker kommunen om støtte til gjennomføring av tiltak via Fylkets trafikksikkerhetsutvalg. Finansieringa er 1/3 kommunale middel og 2/3 fylkeskommunale middel.

### 5.1 Handlingsplan fysiske tiltak.

Nummer i venstre kolonne refererer til vedlegg. (alle tall i 1000 kroner)

Nr	Namn på tiltak	Kostnad	2016	2017	2018	2019
42 og 43	Intensivbelysning ved resterande fotgjengar-overgangar i Arne Garborgs veg frå Kong Haakonsveg til fv44	700	350	350		
	Søknad TS-midlar	480	240	240		
BT	Merking av gangfelt ved Kvernaland barnehage	Drift	x			
BT	Overgang i Grødemsvegen v/ Kryss fv215	Drift	x			
1	Gangfelt der Hågenholen møter Hognestadvegen ved Hognestad skule	Drift	x			
11	Overgang i Hognestadvegen-Storenubben	Tiltak vert vurdert i samarbeid med SV	x			
19	Etablere fartsreducerande tiltak (striper) i krysset Kvålevegen-Kong Haakons veg	Drift	x			
19	Utarbeida ein plan for trafikktryggleik i heile Kong Haakons veg	100		100		
	Søknad TS-midlar	65		65		
31	Skilt ved Vestly idrettsbarnehage som viser barnehage	Drift	x			
37	Belysning/avvikling busstopp ved Frøyland barnehage	50		50		
	Søknad TS-midlar	35		35		
38	Trafikksikringstiltak ved Frøyland ungdomsskule i når det gjeldkryssing av fv505	400	400			
	Søknad TS-midlar	270	270			
39	Skilta og merka for HC-parkering og utrykkingskjøretøy ved inngang Bryneheimen	20	20			
	Søknad TS-midlar	14	14			
40	Merka og skilta p-plassen ved Bryneheimen	50	50			
	Søknad TS-midlar	35	35			



BT	Installera lys i undergang fv44 v/ Elvegata	30		30		
	Søknad TS-midler	20		20		
BT	Kryssing 1900-svingen fv505, merking av overgang med intensivbelysning	100		100		
	Søknad TS-midler	65		65		
24	Autovern ved Spødarbakken barnehage	250		250		
	Søknad TS-midler	160		160		
29	Oppgradering av p-plass ved Nyland barnehage. Sjøast i samheng med nr 7	250			250	
	Søknad TS-midler	160			160	
33	Nettinggjerde ved Frøyland ungdomsskule	75	75			
	Søknad TS-midler	50	50			
35	Senka farten i Brekkevegen	Drift		x		
BT	Utbetring krapp sving Theodor Dahls veg (Kiwi Kvernaland)	50			50	
	Søknad TS-midler	35			35	
8	Vurdera fartshumpar i Elvegata på bakgrunn av fartsmåling	100			100	
	Søknad TS-midler	65			65	
21	Skilting av p-plass ved Maurtuå barnehage som privat	25			25	
	Søknad TS-midler	15			15	
28	Vurdera fartshumpar ved Nubben familiebarnehage i Svertingsstad-vegen på bakgrunn av fartsmåling	100			100	
	Søknad TS-midler	65			65	
BT	Lys på skuleområdet på Undheim	250				250
	Søknad TS-midler	160				160
25	Intensivbelysning ved gangfelt. Samt vanleg belysning ved innkjørsel Spødarbakken barnehage	150				150
	Søknad TS-midler	100				100
BT	Planlegge fortau/gs-veg Hålandsvegen v/ Nubben til fv223	200			200	
	Søknad TS-midler	140			140	
30	Planleggja g/s-veg Litla Undheimsvegen	200				200
	Søknad TS-midler	140				140
	Fartshumpar	600	150	150	150	150
	Søknad TS-midler	400	100	100	100	100
	Sum trafiksikringstiltak	3 700	1 045	1 030	875	750
	Sum søknad TS-midler	2 474	709	685	580	500
	Sum kommunale midlar	1 226	336	345	295	250

SV=Statens vegvesen TS=trafiksikringsmiddel BT=Barnetråkk

## Gang – og sykkelveggar i kommunen

Prioritering	Namn på tiltak	Kostnad	Merknader
1	Plan 0421.00- Detaljregulering for gang- og sykkelveg langs fv505 frå Time kyrkje til Undheim	kr 77 mill	Reguleringsplan vert vedtatt i 2016. Ansvar for gjennomføring: Statens vegvesen
2	Line-Hognestad langs fv208.	kr 17 mill	Anleggstart 2015 TS-midlar: 5,0 mill
3	Frå Fossekrysset til Hognestad langs Grødemsvegen	kr 20,7 mill	Mykje trafikk og smal veg.
4	Time kyrkja-Time langs fv206	kr 4,5 mill	Trafikkauke på veg grunna ny barnehage på Vestly
5	Lye-kryss fv506/fv505	kr 27 mill	
6	Plan 0447.00- Detaljregulering for gang- og sykkelveg, Undheim - Arrestad- Taksdal	kr 23,4 mill	Under regulering

### 5.2. Handlingsplan haldningsskapande tiltak

Tiltaka skal sikra at kommunen fyller kriteria for å verta ein trafikksikker kommune innan 2016

Nr	Namn på tiltak	Tidsfrist	Ansvarleg
1	Konsept Trafikksikker kommune tas opp på styrarmøte haust 2015. Tilbakemelding og status Trafikksikkerheitsplan 2016-2025	20.10.15	fagstab oppvekst - barnehage
2	Alle barnehagane i kommunen skal oppfylle kriteria til Trafikksikker barnehage	31.12.2015	fagstab oppvekst -barnehage
3	Opplæringsopplegg til skule og barnehage	01.07.16	fagstab oppvekst -barnehage i samarbeid med Trygg Trafikk.
4	Konsept Trafikksikker kommune tas opp på rektormøte haust 2015. Tilbakemelding og status Trafikksikkerheitsplan 2016-2026	10.09.15	fagstab oppvekst - skule
5	Alle skulane i kommunen skal oppfylle kriteria til Trafikksikker skule	01.07.16	fagstab oppvekst - skule
6	Utarbeida årleg oversikt over trafikkulykker i kommune som del av folkehelsearbeidet		rådgjevar samfunn
7	Kommunen etablerer eit utval med ansvar for trafikktryggleik	31.12.15	rådgjevar samfunn
8	Arrangera interne kurs i trafikksikkerheit	2015 og 2017	organisasjon v/ rådgjevar
9	Arrangera interne kurs for helsesøstre og andre som arbeidar med barn i høve sikring av barn i bil	vår 2016	rådgjevar samfunn /tenesteleiar helsestasjonog skulehelseteneste
10	Trafikksikkerheit som tema på kontaktkonferansen for lag og organisasjonar.	vår 2016	fritidssjef
11	Etablera reglar for reiser og transport i kommunal regi	31.12.15	organisasjon v/ rådgjevar
12	Innarbeida trafikksikkerheit i HMS/ internkontrollsystemet	01.07.16	organisasjon v/ rådgjevar
13	Holdningsskapande tiltak retta mot barn og unge, for å hindra ulovleg ferdsel i jernbanespor	vår 2016	oppvekst- fagstab skule Rådgjevar samfunn i samarbeid med Bryne vidaregåande skule





**Time kommune**